



Veteranen Gunnvald Friheim omkransa av ungdommelege medlemmer. Fremst er Vegard Døssland og Sebastian L. Torjusen opptekne av å skriva siste finpuss inn i notearket. Vi ser elles Bjørn Naterstad, Vegard Skåle og Marius L. Torjusen. (Foto: Thor Inge Døssland)

Rosendal Musikklag reiser i dag, fredag, til Stavanger for å delta i underholdningskonkurransen Siddis Brass. Blant dei 25 musikarane er det også fleire uskedelinger.

Siddis Brass vert i år arrangert for 26. år på rad, og heile 53 av dei beste amatørkorpsa i landet er påmeldt i den populære konkurransen. Desse fordeler seg på 4 ulike divisjonar. Rosendal deltar i 3. divisjon, og dei får hard konkurranse av 18 andre gode og veltrimma korps.

Torsdag kveld kunne publikum høyra Siddis-programmet til Rosendal under ein liten konsert i Rosendal samfunnshus. Dette året spelar dei fire nummer henta frå Frelsesarméen sitt repertoar. Den fine konsertstunda viste at korpset også dette året held bra nivå, og dei har mange dugande musikarar i sine rekkjer. Kornettisten Liv Signe B. Ulvestadbakken er ein framifrå solist, noko ho viste til fulle i eit av nummera. Elles nemner vi at yngste musikar er 14 år medan dei eldste har passert dei 70.

- Vi har ikkje ambisjonar om store plasseringar. Vi reiser til Stavanger for å ha det gøy, vert det sagt frå musikarhald.
- Det blir ein kjempeopplevelse uansett! Det veit vi for vi har vore med ein del gonger før.

Vi kryssar fingrane og håpar dei "har dagen" når dei entrar scenen lørdag middag. Vi håpar og dei to dommarane, Jan F. Christiansen og Morten E. Hansen, likar det dei får høyre.

Lørdag kveld er det festkonsert med Eikanger-Bjørsvik Musikklag, det korpset som har vunne Siddis flest ganger. Då vert resultatata kunngjort.

Av Thor Inge Døssland